



Årsmelding sesong 2012 / 2013

Dale IL, jenter 11

Trenar: Marit Øen
Hjelpetrenar: Caroline Løseth
Trude Boge

Oppmann: Nina Aas

Spelarar:

Thea Salbu	2001
Sara Rose Zadig	2001
Sigrid Moltumyr	2001
Fride Haugen	2001
Julie Eide Dale	2001
Malin L. Haugen	2001
Malene Valvik	2001
Silje Antonisen	2001
Lene Marie Vik Øen	2001
Ronja S. Rennestraum	2002



Spelargruppa består av 10 spelarar.

Gruppa har vore stabil med ingen nye spelarar og ingen avgang i løpet av sesongen.

Trening

Frå hausten 2012 har J11 har hatt felles treningstid med J 9/10. Treningstida har vore tysdag kl.17:00-18:30 og torsdag kl. 15:30-16:45. For at alle skal få best muleg trening har vi delt opp hallen slik at J11 trenar for seg sjølv på 1/3 av bana. Dette har fungert greitt for oss sidan vi er kun 10 spelarar, men det har ikkje vore optimalt for J9/10 sidan dei kan vere over 20 pers på nokre treningar.

Oppmøtet har vore veldig bra heile sesongen, og jentene er lærevillige og har hatt stor framgang sidan fjoråret. Vi har trent mykje på individuelle tekniske ferdigheiter, og dei utviklar seg stadig. Det som trekker litt ned er at vi ikkje får spelt på heil bane, og dermed ikkje får øvd på bl.a. kontring, noko dei likar godt! Innsatsen på treningane denne sesongen har vore betre enn fjoråret, dei merkar sjølv framgangen dei har hatt, og det inspirerer nok til hardare trening for å bli betre!

Nokre treningar har Caroline Løseth vore leiar for, og då har det vore spesialoppvarming med mykje keeper-trening. Og det har vore veldig populært, då får alle skyte masse og i tillegg får dei to som står i mål skikkelig valuta på treninga!

Kampar

Laget har ikkje delteke på turnering/cup denne sesongen.

Sesongen 2012/2013 er ikkje ferdigspelt i skrivande stund, vi har 3 kampar igjen å spele.

Vi har hatt nokre jamne kampar som har gått begge veiar, men det er stort sett Florø vi har slitt med å vinne mot. Det er uansett bra for utviklinga at kampane er jamne.

Det negative er at når vi møter lag med spelarar som egentlig burde spelt på J9/10, så vann vi med alt for store siffer. Jentene "oppdaga" kontring denne sesongen, og det har gjort utslag på antal mål i kampane. Det er vanskelig å stoppe denne gjengen når "dei får blod på tann"...! Dei vil helst score masse mål og vinne alle kampar!

Nokre av jentene har fått vere med på J12 sine kampar når dei har hatt for få spelarar. Dette har vore populært, og er god læring for dei.

Det vert ikkje ført tabell med poeng i serien for J11, men så langt i sesongen 2012/2013 er resultatata slik:

Florø 3	- Dale	10 - 6
Florø 2	- Dale	1 - 15
Dale	- Florø 3	6 - 9
Dale	- Florø 2	5 - 5
Dale	- Førde	9 - 7
Dale	- Førde 2	10 - 10
Askv./HIL	- Dale	9 - 9
Førde	- Dale	5 - 15
Førde 2	- Dale	7 - 10
Dale	- Askv./HIL 2	18 - 0
Førde 2	- Dale	14 - 20
Florø	- Dale	12 - 6

Utfordringer

For framtida så er utfordringa for dette laget kven dei ev. må dele treningstid med neste sesong. Å ha trening samtidig/saman med dei yngre (J9/10) er ikkje noko god løysing då nivåforskjellen på spelarane er veldig stor. I tillegg er dette kullet veldig stort. Vi har spelt mot dei yngre på nokre av treningane, men dette har ikkje J11 hatt noko utbytte eller læring av.

Det beste ville vere å ha felles treningstid med dei som er 1 år eldre, dvs. 2000-årgangen. Dei er heller ikkje så mange spelarar, og som gruppe vil nok desse jentene ha eit nokså jamnt ferdighetsnivå. Då vil begge gruppene/laga få utbytte av treningane.

Takk til spelarar og med-trenarar for innsatsen denne sesongen! Takk også til foreldre som stiller opp som heiagjeng og sjåførar og skapar ei god ramme rundt kampane våre. Og ikkje minst til Nina som har organisert det meste!

Marit Øen
-trenar-